



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Edvard Høgestøl, 55 57 20 45

Vår dato
07.10.2016

Vår referanse
2016/9417 016

Kommunane i Hordaland v/ordførarar, byråd, rådmenn mv.
Hordaland fylkeskommune v/fylkesordførar og fylkesrådmann
Regionråda v/daglig leiar
KS Hordaland
Regionale statsetatar v/regiondirektørar

Staten møter kommunane 2016 - invitasjon

Det vert vist til brev og epostar. Som kjent er årets samling for regionale statsetatar, kommunar, regionråd og KS på Solstrand Hotel og Bad 3. og 4. november.

Vi ber no om påmelding **innan 25. oktober.**

Vi har tinga 84 rom som vert fordelte etter påmelding. Prisen er kr 2.985,- for einskildrom og kr 2.735,- pr person i dobbeltrom. Prisen inkluderer frukost, trerettars middag, og lunsj ankomst- og avreisedag (begge lunsjane er altså inkludert), i tillegg til kaffi, tilgjenge til velværeavdelinga m.v. I tillegg kjem deltakaravgift på (max) kr 550,- som vert fakturert av Fylkesmannen i ettertid. Avgifta dekker ein del av kostnadane ved samlinga.

For dei som ikkje vil ha overnatting er det mogleg med «dagpakker» à kr 620,- som inkluderer seminar, lunsj og kaffipausar. Trerettars middag på kvelden kostar kr 490,-.

Deltakarane gjer opp for seg direkte med hotellet (eller avtalar direkte med hotellet om fakturering).

Det er som vanleg spennande tider for stat og kommune, og vi gleder oss til samlinga. Program følgjer.

Med helsing

Lars Sponheim

Edvard Høgestøl
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

